

**Standard fastpris avtale MK Kraft AS
med formidling av konsesjonskraft på vegne av Modalen Kommune**

13.05.2025

1. PARTANE

LEVERANDØR:¹

Namn: MK Kraft AS
Adresse: Bala 39, 5729 Modalen
Organisasjonsnummer: 833 584 812

KUNDE:

Navn: [xxxxxxxxxxxxx]
Adresse: [xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx]
Fødselsnummer: [xxxxxxxxxxx]
Mobilnummer: [xxxxxxxxx]
E-postadresse: [xxxxxxxxxxxxxxxxx]
Eventuell fakturaadresse: [xxxxxxxxxxxxxxxxx] (valgfritt)
Avtalt kommunikasjonsform for
varslinger knytt til kundeforholdet: SMS/E-post/Ordinær post

Standardval for kommunikasjon mellom Leverandør og Kunden er e-post og SMS, men Kunden har høve til å reservere seg mot elektronisk kommunikasjon ved å kontakte Leverandøren sin administrasjon. Kontakt med på telefon 95 96 21 86 eller e-post post@modalenkraftlag.no

2. LEVERANSESTED

Målepunktadresse: [xxxxxxxxxxxxxxxxxxxxx]
Målepunkt-ID: [xxxxxxxxxxxxxxx]
Prisområde: [NO5]
Oppstartsdato: [xxxxxxxxxxx]

3. PRODUKT OG PRISER

3.1 Produktbeskrivelse

Produktnavn: Hushaldning, Hytte/fritidshus, Næringskunder, Landbruk
Avtaletype: Fastpris, prisjustering 1 gang per. år.

MK Kraft AS formidler konsesjonskraft på vegne av Modalen Kommune som årleg bestemmer straumprisen. Konsesjonskraftpris er per i dag 12,89 øre/kWh eks. mva og eks. el-avgift og pris under er med gitt utsalspris bestemt av Modalen Kommune.

MK Kraft AS formidler denne avtalen kunn innanfor kommunegrensene til Modalen kommune. Produktet skil seg derfor frå andre fastprisavtalar og eventuelt spotpris på det opne marknaden.

3.2 Prisar

Hushaldning: Straumpris: 43 øre/kWh
Hytte/fritidshus: Straumpris: 53 øre/kWh
Næringskunde: Straumpris: 53 øre/kWh
Landbruk: Straumpris: 33 øre/kWh

¹ Med leverandør menes et juridisk selskap med omsetningskonsesjon for elektrisk energi.

Standard fastpris avtale MK Kraft AS med formidling av konsesjonskraft på vegne av Modalen Kommune

Påslag: : 5 øre/kWh

Alle prisar er inkludert MVA.

Gebyr for avtalesignering er kr 0 for tilflytting, flytting internt i kommunen, nybygg og nyetablering. For eksisterande nettkundar som går frå anna Leverandør med same målepunktID vil det være eit gebyr for avtalesignering på kr 2500 inkludert MVA.

Nettleige frå Mostrum Nett AS kjem i tillegg til straumprisen og blir gjennomfaktuert som del av denne avtalen. Sjå nærare i punkt 3.4.

3.3 Fakturering av straum

Fakturering skjer etterskotsvis månadleg basert på reelt eller estimert forbruk i medhald til Leverandørens til ein kvar tid gjeldande faktureringsrutinar, og for øvrig i samsvar med det til ein kvar tid gjeldande regelverk.

3.4 Fakturering av nettleige

Nettleige kjem i tillegg til straumprisen og gjennom denne avtalen aksepterer kunden gjennomfakturering. Kunden gir Leverandøren fullmakt til å innhente naudsynt informasjon og iverksett tiltak for gjennomfakturering av nettenester levert av Mostrum Nett AS.

3.5 Betalingsbetingelsar

Betalingsfrist faktura:	14 dagar etter fakturadato
e-faktura:	Gebyrfritt
Papirfaktura:	Kr 50 per papirfaktura

Dersom Kunden ikkje betalar innan betalingsfristen, skal Kunden varslast skriftleg per e-post og/eller SMS, eller i brev dersom Kunden har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon, og gis ytterlegare minst 14 dagars betalingsfrist fra det tidspunkt da varselet ble sendt.

Ein kvar innbetaling fra Kunden vil gå til dekning/nedbetaling av den eldste uteståande fordring Leverandøren har på Kunden, med mindre partane skriftleg har blitt enige om noe annet.

Forsinkingsrente blir lagt til ved betaling etter forfall angitt på faktura, i medhald til forsinkelsesrenteloven. Inkasso skjer i samsvar med inkassoloven.

4. PARTANE SINE PLIKTER OG AVKLARINGAR VED BESTILLING MV. TIDSPUNKT FOR OPPSTART

4.1 Opplysningar før avtalesignering

Kunden skal gi de opplysningar om anlegget som Leverandøren trenger for at avtalen skal kunne inngåast, med fødselsnummer, faktura- og anleggsadresse, målepunkt-ID og e-postadresse/mobilnummer. Kunden er sjølv ansvarleg for at Leverandøren til ein kvar tid har oppdaterte kontaktopplysningar på Kunden. Leverandøren skal legge til rette for at Kunden enkelt kan oppdatere og gi nødvendige opplysningar.

Leverandøren samlar inn og behandlar Kundens personopplysningar som er naudsynt for å levere tenestene i medhald til avtalen. Leverandørens personvernerklæring inneheldt informasjon om korleis Leverandøren behandlar Kundens personopplysningar. Erklæringa er til ein kvar tid tilgjengeleg på Leverandørens nettstad: <https://www.modalenkraftlag.no/ViewPolicyDocument.aspx?docid=EndUserPrivacyPolicy>

4.2 Kredittvurdering

Leverandøren kan foreta kredittvurdering av Kunden ved avtalesignering. Ved vurdering av kredittverdighet, kan Leverandøren nytta egne kundeopplysningar og kredittopplysningsbyrå.

4.3 Leverandørskifte

Dersom inngåing av denne avtalen medfører byte av straumleverandør, skal Leverandøren på vegner av Kunden gjennomføre leverandørbyte, og den eksisterande straumavtalen til Kunden opphøyrer, med mindre noko anna uttrykkeleg er avtala. Kunden er sjølv ansvarleg for å oppfylle avtalen med tidlegare straumleverandør og for eventuelle konsekvensar av oppseiinga, til dømes dersom oppseiinga utløyser eit brotgebyr etter den tidlegare avtalen.

4.4 Startdato og førtidig oppstart

I dei tilfella Kunden har 14 dagar angrerett, det vil seie når avtalen er inngått ved fjernsal eller utanfor faste forretningslokale (sjå punkt 9), kan ikkje startdato for levering av straum i avtalen vere før angrefristen har gått ut, med mindre Kunden uttrykkeleg ber om at leveringa skal starte før angrefristen har gått ut. For avtalar inngått utanfor faste forretningslokale skal Kunden be om dette på eit varig medium. Dersom Kunden ber om slik førtidig oppstart, vil Kunden vere ansvarleg for rimelege kostnader fram til Kunden eventuelt nyttar seg av angreretten, sjå punkt 9.3 tredje avsnitt.

5. MÅLE- OG AVREGNINGSFEIL. ETTEROPPGJØR.

5.1 Avvik ved handtering av måledata eller avvik ved fakturering

Leverandøren avrekner forbruket etter forbruksdata mottekne frå Elhub. Ved avvik i handteringa av måledata, eller avvik ved fakturering som inneber at det er betalt for lite eller for mykje, kan Leverandøren eller Kunden krevje høvesvis tilleggsbetaling eller tilbakebetaling i samsvar med gjeldande regelverk.

Etteroppgjer i form av tilleggsbetaling eller tilbakebetaling kan skje med verknad inntil tre år tilbake i tid, rekna frå tidspunktet feilen vart oppdaga. Leverandøren kan likevel ikkje krevje tilleggsbetaling frå Kunden dersom feilen skuldast forhold hos Leverandøren eller nokon som Leverandøren svarar for, og Kunden var i aktsamd god tru. Leverandøren svarar uansett ikkje for feil eller forhold hos nettselskapet.

5.2 Feil på målar, feil måledata. Forholdet til nettselskapet

Kunden må rette krav om retting av feil ved måledata direkte til nettselskapet, som er ansvarlig for målingane. Kunden må sjølv be nettselskapet om en eventuell kontroll av målar.

6. FLYTTING

Dersom Kunden flyttar, vil denne avtalen følgje Kunden til nytt leveransepunkt (ny målepunkt-ID), føreset at Kunden melder flytting til Leverandøren med mål om å vidareføre avtalen og innanfor kommunegrensene til Modalen kommune. Partane kan likevel gjensidig seie opp avtalen i tråd med avtalens føresegrar om oppseiing.

7. AVSLUTNING AV AVTALEN

Kunden kan seie opp avtalen med 14 dagars skriftleg varsel. Oppseiingsfristen for Kunden på 14 dagar gjeld likevel ikkje dersom Kunden inngår avtale med ein ny straumleverandør. Då opphøyrer avtalen frå det tidspunktet den nye straumleverandøren startar leveransen til Kunden.

Leverandøren kan tidlegast seie opp avtalen 30 dagar etter at Kunden er varsla på SMS og/eller e-post, eller med brev dersom Kunden har reservert seg mot elektronisk kommunikasjon. Leverandøren skal i varselet informere Kunden om årsaka til oppseiinga. Varselet skal gjevast separat og ikkje blandast saman med annan informasjon frå Leverandøren.

Kvar av partane kan heve avtalen dersom den andre parten vesentleg mislighald sine plikter etter avtalen. Dersom Leverandøren vesentleg mislighald sine forpliktingar etter avtalen, kan Kunden heve avtalen med umiddelbar verknad.

Ved betalingsmislighald frå Kunden si side kan Leverandøren heve avtalen med umiddelbar verknad, føresett at Kunden har fått 14 dagars utsett betalingsfrist etter punkt 3.5 andre avsnitt, og den nye betalingsfristen er gått ut.

8. OVERDRAGELSE AV AVTALE

Denne avtalen kan overdragast av Leverandøren til ein annan straumleverandør, føresett at vilkåra og føresegnene i denne avtalen vert vidareførte. Kunden skal varslast minst 30 dagar før ei eventuell overdraging kan skje. Kunden kan uansett seie opp avtalen med 14 dagars varsel i samsvar med punkt 7, første avsnitt.

Kunden kan ikkje overdra avtalen utan samtykke frå Leverandøren.

9. ANGRERETT

9.1 Kundens rett til å gå fra (angre) avtalen

Dersom avtalen er inngått ved fjernsal eller sal utanfor faste forretningslokale, til dømes ved sal over internett, på stand eller ved telefon- eller dørsal, har Kunden etter reglane i angrerettlova rett til å gå frå avtalen innan 14 dagar utan å grunngje dette. Verknadene av at angreretten vert nytta, er regulerte i angrerettlova. Angrefristen går ut 14 dagar rekna frå dagen etter at avtalen er inngått, eller frå det tidspunktet Kunden har motteke informasjon om angreretten. I fristen er alle kalenderdagar inkluderte. Dersom fristen fell på ein laurdag, søndag eller heilagdag, vert fristen forlenga til næraste kvardag. Angreretten gjeld ikkje ved tilknyting av nye leveransestader til ein eksisterande avtale.

9.2 Utøvelse av angrerett. Angreskjema

Dersom angreretten vert gjort gjeldande, må Kunden på ein eintydig måte gi Leverandøren melding om at Kunden vel å gå frå avtalen. Angreretten kan nyttast ved å bruke standardisert angreskjema, men melding kan òg gjevast på annan måte, til dømes via e-post eller brev. Leverandøren sitt angreskjema kan lastast ned her: <https://www.modalenkraftlag.no/kraftprisar>, og følgjer òg med ved avtaleinngåing eller ved ordrestadfesting på varig medium.

Angrefristen vert rekna som overhalden dersom Kunden har sendt slik melding før angrefristen går ut. Kunden har bevisbyrda for at angreretten er gjort gjeldande i tide, og meldinga bør difor sendast skriftleg.

**Standard fastpris avtale MK Kraft AS
med formidling av konsesjonskraft på vegne av Modalen Kommune**

9.3 Konsekvensar ved bruk av angrerett

Ved bruk av angreretten opphøyrer Kunden si plikt til å betale for framtidig straumleveranse, og Leverandøren si plikt til å levere straum.

Dersom Kunden nyttar angreretten før leveransen har starta, vert bestillinga annullert.

I tilfelle der leveransen allereie har starta og Kunden nyttar angreretten, vil Leverandøren avslutte leveransen i samsvar med Elhub sine marknadsprosessar, det vil seie innan tre verkedagar frå meldinga er motteken hos Leverandøren. Kunden vil då bli overført til leveringspliktig straum frå sitt nettselskap, med mindre Kunden sjølv inngår ei ny straumavtale med ein annan straumleverandør. Dersom Kunden uttrykkeleg har bede om oppstart av straumleveransen før angrefristen på 14 dagar er utløpt, på eit varig medium, og deretter nyttar angreretten, skal Kunden betale eit beløp som står i forhold til det som er utført eller levert fram til leveransen vert avslutta.

10. ENDRINGER I PRIS OG AVTALEVILKÅR

10.1 Prisjustering

Som formidlar av konsesjonskraft på vegner av Modalen kommune vil avtaleprisen skildra i punkt 3.2 bli justert årleg. Fastsetjinga av fastbeløpet og påslaget nemnt i punkt 3.2, samt fakturagebyret nemnt i punkt 3.5, er basert på ulike kostnadselement og vert påverka av marknadsmessige forhold. Leverandøren kan einseitig justere fastbeløpet, påslaget og/eller fakturagebyret dersom Leverandøren vurderer at slik endring er nødvendig. I slike tilfelle skal Kunden varslast om endringa, og dersom endringa er til ulempe for Kunden, har Kunden rett til å seie opp avtalen med skriftleg varsel seinast tre verkedagar før tidspunktet endringane trer i kraft, sjå punkt 10.3 nedanfor.

Tilhøve som kan gjere det nødvendig å endre prisen, kan til dømes vere endringar i marknadsmessige forhold, auka kostnader for Leverandøren, eller endringar i eller i medhald av lov eller forskrift.

10.2 Endringar i øvrige avtalevilkår

Leverandøren kan einseitig endre avtalevilkåra, til fordel eller ulempe for Kunden, dersom Leverandøren meiner at ei slik endring er nødvendig, til dømes som følgje av forhold nemnde i punkt 10.1.

Leverandøren kan ikkje utan uttrykkeleg samtykke frå Kunden gjere vesentlege endringar i avtalevilkåra. Som vesentleg endring reknar ein berre endring av produkttype, innføring av nye priselement utover dei som er oppgitt i punkt 3.2 og 3.5, endring i faktureringsmetode frå etterskotsvis fakturering til forskotsbetaling, og utviding av Leverandøren si einseitige endringsrett til ulempe for Kunden. Dette gjeld likevel ikkje dersom avtalevilkåra må endrast som følgje av endringar i, eller med heimel i, lov eller forskrift.

Kunden skal varslast om endringa, og dersom endringa er til ulempe for Kunden, har Kunden rett til å seie opp avtalen seinast tre verkedagar før tidspunktet endringane trer i kraft, sjå punkt 10.3 nedanfor.

10.3 Varsel om endringar i avtalevilkår og pris

Endring i pris og/eller avtalevilkår kan tidlegast tre i kraft 30 dagar etter at skriftleg varsel er sendt til Kunden, med mindre endringa er pålagt ved lov eller forskrift og skal gjelde frå eit tidlegare tidspunkt.

Varselet skal opplyse om årsaka til endringa, og dersom endringa er til ulempe for Kunden, skal det gå fram at Kunden for å unngå å bli bunden av dei nye vilkåra kan seie opp avtalen kostnadsfritt, seinast tre verkedagar før endringa trer i kraft. Oppseiingsretten gjeld likevel ikkje ved prisaukar som skuldast auka

**Standard fastpris avtale MK Kraft AS
med formidling av konsesjonskraft på vegne av Modalen Kommune**

offentlege avgifter knytt til omsetnad av energi, når avgiftsauken ikkje var offentlig kjend på tidspunktet avtalen vart inngått.

Varselet skal opplyse om pris og vilkår både før og etter endringa.

Varselet skal òg innehalde ei påminning om at Kunden uansett kan seie opp avtalen med 14 dagars skriftleg varsel, jf. punkt 7, òg etter at endringane har trådt i kraft.

Varselet skal sendast separat og ikkje blandast saman med annan informasjon frå Leverandøren. Det skal gjevast i form av SMS og/eller e-post. Dersom Kunden ikkje har samtykka til digital kommunikasjonsform, skal varselet sendast som brev.

11. TVISTER

11.1 Klage til Elklagenemnda. Domstolsbehandling.

Dersom det oppstår tvist mellom Kunden og Leverandøren, kan Kunden bringe tvisten kostnadsfritt inn for Elklagenemnda eller domstolane. Vedtaka frå Elklagenemnda er rådgjevande for partane. Ved vedtak som gir Kunden heilt eller delvis medhald, skal Leverandøren gi ei grunngjeving til Kunden og nemnda innan 30 dagar dersom vedtaket ikkje vil bli følgt.

11.2 Verknadane av klage til Elklagenemnda

Så lenge ein tvist er til behandling i Elklagenemnda, kan ikkje saka bringast inn for dei alminnelege domstolane. Dette gjeld likevel ikkje dersom det har gått meir enn seks månader sidan klaga vart motteken, og sekretariatet enno ikkje har lagt fram saka for nemnda. Ein tvist vert rekna som til behandling frå det tidspunktet begjæringa om klagehandsaming er komen inn til nemnda. Ei sak som nemnda har handsama reelt, kan førast direkte inn for tingretten.

11.3 Lovvalg

Vilkåra i denne avtalen er underlagde og skal tolkast i samsvar med norsk rett.

12. MOTSTRID

Ved ein eventuell motstrid mellom lovverk og forskrifter og vilkåra i denne avtalen, skal lovverk og forskrifter ha forrang.

Vedlegg:

1. Angreskjema